

Rusletur på Skjolden

Rute:

Wittgensteinturen

Del I

- 1 Fjordstova
- 2 Skjolden hotel
- 3 Klingenberghuset
- 4 Storehuset
Gamlebrua
- 5 Odden

Wittgenstein i Skjolden

Ludvig Wittgenstein (1889-1951) er rekna som ein av dei største filosofane på 1900-talet.

Wittgenstein kom til Skjolden hausten 1913.

Fabrikkeigar Hallvard Drægnid hadde skaffa husvære til han hos søster si som var gift med postmann Klingenberg.

Medan Wittgenstein budde hos Klingenberg, skreiv han på ei filosofisk avhandling som kom ut i 1921 med tittelen *Tractatus Logico-Philosophicus*.


Han budde i bygda til sommaren 1914. Han fekk bygd ei hytte her, og kom seinare attende fleire gonger. Siste gongen var i 1950.

Han skriv at han ikkje kunne arbeida så godt nokon stad som her i Skjolden.

Indre Luster Bygdeutvikling

Tekst-bilete-utforming: Vatne Vision

vatne@post.com



(1) Fjordstova inneheld sømjebasseng, kafeteria, klatrevegg, forsamlingsaal, skytebane, bibliotek, suvenirbutikk og trimrom med solarium. I biblioteket finn vi bilete frå Wittgenstein si tid, og bøker av og om han.

(2) Skjolden Hotel ligg vegg i vegg med Fjordstova. Hotellet har 50 rom med til saman 100 senger. Velstelt hage mot fjorden. Robåtar til fri disposisjon for gjestene, som og har fritt tilgjenge til sømjebassenget i Fjordstova. Oldefar til noverande eigar var nær ven til Wittgenstein. Dei gjekk ofte lange turar der dei diskuterte religion og andre ting.

(3) Klingenberghuset: Dette huset i Sveitserstil vart bygd i 1907 av postmeister Klingenberg. Ludvig Wittgenstein budde her vintren 1913 til 1914. Han leigde rom med utsyn mot fjorden og hotellet. Han hadde stove/arbeidsrom i første, og soverom i andre etasje med balkong.

(4) Storehuset: Hallvard Drægni og familien hans budde i dette huset. Bak bustadhuset låg saftfabrikken som han dreiv. Herifrå selde han produkta sine til norske og utanlandske kundar. (Den austerriske konsulen i Bergen, Kroepelin, var ein av kundane hans, og det var gjennom Kroepelin at Wittgenstein kom til Skjolden.)

(5) Odden: Frå Odden har vi godt utsyn mot sentrum av Skjolden tvers over Eidselva (Fortunvassdraget). Dei to næraste bygningane var landhandlar. Vi ser dørene som vender mot sjøen for inntak av varer, og vi skimtar restar av ei gammal bryggje. Tidleg på 1900-talet var landhandelen til høgare (11) eigd av Hallvard Drægni. Her handla Wittgenstein det han trong til opphalda sine i Skjolden. Det blir fortalt at han betalte inn ein sum pengar på førehand, og sidan handla han til summen var brukt opp.

På denne tida var Odden utskipingsstad for isblokker for eksport til mellom anna England. Isblokkene var henta frå Eidsvatnet, og lagra i eit stort lagerbygg (Ishuset) som låg mellom vatnet og Odden. (Sjå Ishustomten)

